

Anonymisert versjon

Vår dato: 08.10.2024
Vår referanse: 24/52209 - 4
Deres dato: 23.04.2024
Deres referanse:

Endeleg vedtak - frifall av tilleggsjord

Samandrag: Klaga tas ikkje til følgje.

Bakgrunn for saka

Du er eigar av gnr. 0 bnr. 0 i Øystre Slidre kommune. I 1982 fekk foreldra dine utvist tilleggsjord på A, med festenummer 0 i Øystre Slidre statsallmenning. I følgje Gardskart er arealet på omtrent 17 dekar, og består av 6,4 dekar overflatedyrka jord og 7,1 dekar innmarksbeite. Eigedomen har ikkje bygningar.

I januar 2023 starta Øystre Slidre fjellstyre med ein gjennomgang av all tilleggsjord i allmenningen. Du og andre rettshavarar i allmenningen fekk brev med spørjeskjema om bruk av tilleggsjorda de i si tid hadde fått utvist. I brevet vart det vist til grunnlaget for spørjinga, §§ 19 og 22 i fjellova, og de blei oppfordra til å ta kontakt med fjellstyret om noko vart uklårt.

Du svarte fjellstyret at jorda har vore i bruk av to ulike personar i dei seinare åra. Det var ikkje opplyst om når jorda sist var i drift ut frå eige gardsbruk, men fjellstyret la til grunn at det må ha vert i 2016/2017, sidan drifta på garden vart lagt ned då. Fjellstyret vurderte derfor at tilleggsjorda ikkje hadde vore i samanhengande bruk gjennom drift av garden i dei siste fem åra. Fjellstyret fatta vedtak i møte 22. juni 2023 om at tilleggsjorda hadde falt i det fri, jf. fjellova § 22.

Din klage

Du klaga på vedtaket 12. juli 2023. I klaga skriv du at du vart temmeleg opprørt over fjellstyrets vedtak. Du skriv at du ikkje kjende til regelen om at jorda ikkje kan haldast i hevd ved bortleige. Om du hadde visst dette, hadde du sjølv tatt på deg å drive jorda, skriv du. Du skriv vidare at du har vore i god tru om at jorda var i bruk og ivaretatt. Du skriv at du har leigd ho ut til A sidan du måtte leggje ned produksjonen. Det kom eit uventa dødsfall, og borna dine var ikkje klare for å flytte heim enno og ta over garden. Du skriv at det var foreldra dine, som opphaveleg fekk utvist jorda, som rydda jordstykket og gjerda

det inn. Du meiner at før fjellstyret skal fatte eit slikt vedtak, må du ha rett på informasjon slik at du kan leggje til rette for å bevare jordstykket til eit av dine born flytter heim og overtek garden. Du viser til at sidan det var foreldra dine som opphaveleg fekk utvist jordstykket, vart du aldri gjort merksam på femårsregelen. Du skriv vidare i klaga om kvifor tilleggsjorda er viktig for stølsdrifta. Du skriv også at du kan ta på deg slått av tilleggsjorda sjølv inntil ein av ungane kjem heim og overtek. Landbruksdirektoratet viser til klaga i sin heilskap.

Øystre Slidre fjellstyre si behandling av klaga

Fjellstyret behandla klaga i møte 31. august 2023. Fjellstyret skriv at dei etter fjellova er pålagde å gå gjennom status for tilleggsjord i allmenningane. I tillegg vart fjellstyret særskilt pålagt av Statskog å gjennomgå status i det området der tilleggsjorda i denne saka er utvist, då det er søkt om ny tilleggsjord til oppdyrking i dette området. Fjellstyret skriv at dei forstår argumenta og innvendingane du kjem med. Samstundes er det slik at lova her er klar, og det er gode grunnar til å behandle like tilfelle likt når det kjem til frifallssaker. Dersom alle bruksrettshavarar fekk moglegheita til å ta i bruk jorda sjølv om femårsfristen var ute, ville det berre vere frivillige frifallssaker igjen. På denne bakgrunn fant ikkje fjellstyret grunnlag for å gjere om eige vedtak, og sendte klaga vidare til Landbruksdirektoratet via Statskog.

Statskog si oversending av saka

Statskog oversende saka til Landbruksdirektoratet 23. april 2024. Statskog beklaga at det hadde tatt tid å sende saka til direktoratet, og hadde elles inga merknader til fjellstyret sitt vedtak.

Landbruksdirektoratet sine merknader

Fjellova regulerer forvaltninga av statsallmenningane og grunneigarrettar som beite, seterdrift, jakt og fiske. Fjellstyret sitt vedtak kan klagast på til Landbruksdirektoratet, jf. fjellova § 10 annet ledd, jf. forskrift om delegering av myndigheit etter lov av 6. juni 1975 nr. 31 om utnytting av rettar og lunnende m.m. i statsallmenningane § 2 annet ledd.

Vedtaket om frifall

Fjellova § 19 fyste ledd lyder «Jordbrukarar med beiterett i statsallmenning kan – anten åleine eller saman med andre beiterettshavarar – få utvist grunn som er skikka til dyrking eller til kulturbeite som tilleggsjord.» Den nærare føresegna for utvising av tilleggsjord følgjer av forskrift om seter og tilleggsjord m.m. § 20. I denne saka er det lagt til grunn at eigar av gnr. 0 bnr. 0 i Øystre Slidre kommune fekk utvist festenummer 0 i 1982.

Vidare følgjer det av fjellova § 22 andre ledd at «Rett til utvist tilleggsjord etter § 19, og som ikkje direkte er knytt til ei seter, fell bort: 1. Ved oppgjeving utan atterhald. 2. Når tilleggsjorda i 5 år samanhengande ikkje har vore i bruk.» Spørsmålet i vår sak er om vilkåret «ikkje har vore i bruk» er oppfylt eller ikkje.

Når det gjeld tolkinga av vilkåret om bruk reknast for oppfylt, følgjer det av seterforskrifta § 9 at «Blir setervollen hausta, anten til eige bruk eller for sal, eller gjerda inn og nytta til beite som ein del av den jordbruksmessige drifta på eigedommen som setra ligg til, vil setra vere «i bruk» i høve til § 22 i fjellova.» Føresegna gjeld rett nok setervoll, ikkje tilleggsjord. Landbruksdirektoratet vurderer det likevel slik at tolkinga er relevant for korleis vilkåret i fjellova § 22 andre ledd nr. 2 er å forstå.

Dette betyr at tilleggsjorda berre vert rekna som «i bruk» so lenge dette skjer i tilknytning til jordbruksdrifta på eigedomen. Når eigedomen ikkje har brukt tilleggsjorda for en samanhengande periode på fem år, fell retten til utvist tilleggsjord vekk, og tilleggsjorda fell i det fri. I følgje opplysningane i saka har tilleggsjorda vore ute av bruk frå din gard i sju år då fjellstyret fatta vedtak. Vilkåret er dermed oppfylt.

Når det gjeld argumenta du kjem med i klaga om at du ikkje kjende til femårsregelen, kan vi ikkje sjå at dette er relevant for resultatet i saka. Vidare er det lett å skjønne ditt ønske om å behalde tilleggsjorda slik at eit av borna dine kan ta ho i bruk når dei tek opp att stølsdrifta. Til dette vil Landbruksdirektoratet påpeike at garden enno har allmenningsrett, og kan søkje fjellstyret om å få utvist tilleggsjord ved behov.

Vedtak: Klaga tas ikkje til følgje. Øystre Slidre fjellstyres vedtak vert stadfesta.

Dette er eit endeleg vedtak og kan ikkje påklagast, jf. forvaltningslova § 28.

Med hilsen
for Landbruksdirektoratet

Aud-Ingrid Krefting
seksjonssjef

Maja Sandvik Schartum
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent og trenger derfor ingen signatur.